



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger


Dato: 03.05.2019
Vår ref.: 2019/3636-4
Saksbehandlar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 32

Lerøy Vest AS - Søknad om auka areal i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11649 Stolane i Radøy kommune

Hordaland fylkeskommune sender kopi av søknad motteke 29.04.2019 frå Lerøy Vest AS om løyve til utviding av areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11649 Stolane i Radøy kommune.

Lokalitet 11649 Stolane er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 3120 tonn. Godkjent anlegg består av eit kompakt stålanlegg med 14 stykk 24 x 24 bur med førflåte. Noverande anleggspllasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 29.01.2007.

Lerøy Vest AS søker no om å erstatte eksisterande stålanlegg med eit plastringsanlegg. Anlegget vil ha ei rammefortøyning som er 110 x 550 meter. Anlegget vil bestå av 5 merdar. Pllasseringa av føringsflåten er på nordsida av anlegget. Større ramme medfører og at det vert endringar i fortøyningsarrangementet. Arealauken vil skje sør aust og nord vest i høve til noverande pllassering. Kartet under syner overflate arealet til noverande anlegg og omsøkt pllassering av anlegg.



Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse i anlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 3120 tonn.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Lerøy Vest AS mellom anna at verksemda har god erfaring med plastringar i rammefortøyning, og det vert arbeidd for at denne anleggstypen vert standard i selskapet. For å gje fisken i merdane best moglege forhold, ønskjer Lerøy Vest AS å gje fisken betre plass i merdane. Dette fører til at fisken får større volum og areal, og dermed vert tilveksten og førfaktor betre og i sum vil dette føra til betre miljø. I tillegg har Lerøy Seafood investert i brønnbåten Seihav, som er ein av dei største brønnbåtane i Norge med ein lastekapasitet på 3 600m³. Dette for bl.a. å skånsamt og raskt kunna behandle fisk med ferskvatn mot gjellesjukdomen AGD. Seihav er også utstyrt med Optilicer, der ein pumper fisken om bord i brønnbåten, badar den i varmtvatn slik at lusa fell av og pumper fisken tilbake i sjøen. Alt vatn i brønnen vert pumpa gjennom eit filter som samlar opp lusa slik at her ikkje vert utslepp til det ytre miljø. Med ein slik auke i brønnbåtkapasiteten har ein dermed moglegheit til å nytta større einingar.

I kommuneplan for Radøy er omsøkt område avsett til akvakultur, og i føresegne til planen er det høve til å leggje fortøyningar og anker i fleirbruksområde utafor område sett av til akvakultur.

Miljøtilstand under og i nærlona til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 8 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2013-2019, og rapportar frå desse undersøkingane syner hovudsakleg tilstand 2 og 3, bortsett frå granskings i 2015 og 2017 som fekk tilstand 1. Det er tatt feltprøver til MOM C i resipienten 04.04.2019, men på grunn av artsanalysar vil det ta ca 6 månader før denne rapporten er klar.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 8 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgjera nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Radøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjær, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*). Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi: Lerøy Vest AS